## No kjem skulemusikken sin adventskalendar i salg.

27.10.2014

God Jul

Nr. 1

# ADVENTSKALENDER 2014

Uskedalen skulemusikk

Trekning kvar dag 1-24. desember   Pris pr kalender kr 100,-   Salsperiode 30okt-30nov



| Gevinstar; | Gjeve av; |
|---|---|
| 1.Des 1. Boka «året som rick» | Olav Agnar Gausvik |
| 2. Bag/ryggsekk | Sparebanken 1 SRbank |
| 2.Des 1. Gåvekort verdi 350,- | Zjakk frisør |
| 2. Kunststrikkduk | Uskedalen Skulemusikk |
| 3.Des 1. Boka «damp, diesel og...» | Harald Sætre |
| 2. Strikkevotter | Uskedalen Skulemusikk |
| 4.Des 1. Sekk med innhald | Sparebanken Vest |
| 2. Strikkevotter | Uskedalen skulemusikk |
| 5.Des 1. Hårklipp verdi 300,- | Trend frisør |
| 2. Lastestropper | Auto 88 |
| 6.Des 1. Hudpleie | Vitus Apotek Husnes |
| 2. Redningsvest | Harding |
| 7.Des 1. Black & Decker verktøy | Byggeriet |
| 2. Bag/ryggsekk | Sparebanken 1 SRbank |
| 8.Des 1. Hudpleie | Forever living-S.Mathiesen |
| 2. Korthaldar skinn | Kvh. Energi |
| 9.Des Produkteske verdi 200,- | Brødrene Hjønnevåg |
| 10.Des Gåvekort verdi 300,- | Gros Blomster |
| 11.Des Redningsvest | Harding |
| 12.Des Gåvekorg verdi 400,- | Spar Uskedalen |
| 13.Des Bunadspose verdi 280,- | Kvh. Vekstbedrift |
| 14.Des Verktøy verdi 500,- | Brødrene Musland |
| 15.Des 7 sorter til Jul verdi 500,- | Elins Matgleder |
| 16.Des Gåvekort verdi 500,- | Husnes Storsenter |
| 17.Des Duk og løparar verdi 600,- | Lises Krambu |
| 18.Des Gåvekort verdi 500,- | Enes Consulting |
| 19.Des Kakegåvekort (spar) | S. Myklebust Maskinst. |
| 20.Des Produkteske verdi 200,- | Brødrene Hjønnevåg |
| 21.Des Sylteflesk | Friheim Gardsmat |
| 22.Des Bilvask inn/ut verdi 890,- | Dimmelsvik Bil |
| 23.Des Trøtraktor verdi 1700,- | Haugland Mask. & FK |
| 24.Des Ipad mini verdi 2400,- | DNVGL- Stord & Uskedalen Eigedom |

**KUNNGJERING I HEILE DESEMBER PÅ USKEDALEN.NO**
**Vinnaren tek med seg kalenderen og hentar gevinsten på AUTO 88, Uskedalen innan 11.01.15**

**TAKK TIL DEI SOM HAR STØTTA OSS MED GEVINSTAR OG TIL DEG SOM STØTTAR USKEDALEN SKULEMUSIKK**

Spenninga i førjulstida er sikra! Skulemusikken sel også i år den supre adventskalendaren sin.(Klikk på bildet så vert det større)

**I fjor lanserte Uskedal skulemusikk ein ny adventskalendar.  Det vart ein gedigen suksess!  Det vart trykt opp 600 kalendarar, og heile opplaget vart selt.  No er nemnda ferdig med førearbeidet, og denne veka er årets utgåve av den populære førjulskalendaren i salg.**

Janne G. Hjønnevåg, som er ei av dei driftige damene bak tiltaket, fortel at dei føl same opplegget som i fjor, men sidan dei vart heilt utselde då, har dei auka opplaget til 700.

Salget vil i hovudsak bli gjort av musikantar og foreldre, men det vert og lagt ut for salg hos Gro`s Blomster.  Det kan og verte salg einskilddagar på Spar-butikken.
Dei ansvarlege ser at det er stor interesse også i år.  Med same salget vart gjort kjent på facebook, var det svært stor respons.

Vinnarnummera vil verte gjort kjent dagleg her på www.uskedalen.no, og i tillegg vert det oppslag med vinnarnummera på Spar.

Gevinstlista er også i år imponerande, og dei flotte gevinstane er gjevne av firma, privatpersonar og skulemusikken sjølv.  Detaljert oversikt over dette, kan de sjå ved å klikke på bildet.

No er det berre å ha kontantar klare til blide musikantar kjem og sel den beste adventkalendaren i mange mils omkrins!  Og viss du ikkje skulle få besøk, er det berre å ta kontakt med Janne G. Hjønnevåg eller andre i skulemusikken.  Prisen er den same som i fjor: 100,-kr.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Janne G. Hjønnevåg.